



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 72

Navnet på vatnet Grytevatnet
Kommune Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

G R Y T E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 31.aug. 1972.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest nord for Vatlandsvåg på Ropeidhalvøya, og med Grytenuten i vest.

Arealet er omlag 140 ha. og h.o.h. 31 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilheva vera vekslande. Her er store grunnlendte vikar og partier fleire stader, men vatnet som heilhet må karakteriserast som heller djupt.

Stranda består for det meste av stein og fjell med noko sandstrand innimellom.

Gjørmebotn dominerar djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og fjell. Her veks blandingsskog av furu og bjerk.

Hovudtilsaget fell inn i aust "Haugselva" som kjem frå Fjetlandsnuten. Forutan dette har vi "Rosseidbekken" i nord og "Grytebekken" i vest. Elles fell der inn fleire mindre bekketilsigymse stader.

Avlaupet renn ut i sør "Saelva" og ut i Vatlandsvågen.

Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.5 som nærast er ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.5 mg/l og den totale hardheita 3.3 mg/l. Vatnet må karakteriserast som noko kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 27.6 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er normalt ikkje særleg stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 12 fjærmygglarver, 7 vårfluge-
larver, 9 muslingar, 1 mygglarve og 1 stankelbeinlarve - i alt
300 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 2 muslingar tilsvarande 20
individ pr. m².

Samla resultat syner at der er heller lite med botndyr i
vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på
det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2
fiskar og her vart det funne vannmidd, vårflugepupper, maur, hale-
kreps, biller, sikader og diptera. Ein ganske alsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m med plankton-
hov og resultatet av denne var ein relativt rik prøve.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure,
røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet
etter 1 fangstnatt vart 49 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå
slik ut.



Vi har nedanfor fordelt fangsten på cm-klassar og får då denne grafiske framsyninga.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 5 røde, 8 lysrøde og 12 kvite i kjøttet.

Av prøvefiskane var der heile 23 hanfiskar og 2 hofiskar - ei skeiv kjønnsfordeling - men rekrutteringa tyder på at der også skulle vera nok av hofisk i vatnet.

13 av fiskane var meir eller mindre angripen av parasittar (måkemark).


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	5.1	11.0	16.9	21.6	24.7	27.9	28.6
Årleg lengdetilvekst i cm	5.1	5.9	5.9	4.7	3.1	3.2	0.7
Antall fiskar	25	25	25	25	18	9	2

Medel kondisjonsfaktor = 0.95 tilseier fisk av bra kvalitet.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for fisken i Grytevatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Grytevatnet ein god lengdetilvekst like frå første år av og kryssar normalkurven mellom 4. og 5. året. Etter fiskeskjemaet kan det sjå ut som om storparten av fiskane har sitt første gyteår ved 4 års alder. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 30 cm, men storparten av fiskebestandet vil vera betydeleg mindre. Ein del vesentleg større fiskar enn dette vil der nok finnast i vatnet, såkalla "jagarar". Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernæra seg med yngel og småfisk.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva ser ut til å liggja vel tilrette for fiskeproduksjon i Grytevatnet.

Dei kjemiske tilhøva ser bra ut, og i overkant av det ein til vanleg vil finna, samanlikna med andre analyserte vatn.

Botnprøvene må seiast å vera fattige, men mange arter av næringsdyr var likevel representert.

Omfarfordelinga fortel at der er eit differensiert fiskebestand i vatnet der ymse årgangar og storleiker er å finne, og cm-klasseinndelinga tilseier at fisk i storleiken 21-24 cm dominerar.

Ser vi på vekstkurven så er denne god og ligg over normalen like fram til ca. 5 års alder.

Vi skal vidare merka oss at heile 13 stk. av prøvafiskane (ca. 50%) var meir eller mindre angripne av måkemark.

Når tilhøva ser ut til å vera såpass gode i Grytevatnet kjem dette av at nedslagsfeltet for ein del består av dyrka mark, kultarbeiter m.v., slik at tilsiga herfrå vil føre ein del verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet tilgode. Dette gir seg då utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Bergartene i nedslagsfeltet består for ein del av fylitt og dette dreg også i positiv lei.

Etter som det i første omgang kan sjå ut, skulle fiskebestanden i Grytevatnet vera nokonlunde bra avpassa det næringsforrådet som vatnet byr på, men då ca. 50 % av prøvafiskane var angripne av parasittar (måkemark) må ein ta dette som et teikn på at fiskebestanden er i største laget. Det same kan ein og slutte ut frå resultatet av botnprøvene.

I vatn der det er eit godt samsvar mellom næringsforråd og fiskebestand vil som regel parasittane forsvinne av seg sjølv.

Vi har fått opplyst at der skal vera røyr i Grytevatnet, men det lukkast oss ikkje å få dette fiskeslaget under prøvafisket. Då vi veit at røyra har stor formeringsemne, og fylgjeleg lett for å bli dominerande i vatn der desse fiskeslaga er i blanding, er det truleg at røyrbestanden er i største laget i dag. Om røyra er småfallen og langstråkt kan det tyda på overbefolkning.

Under synfaringa av avlaupselva kom vi fram til, at det med noko dugnadsarbeid skulle vera mogeleg å få sjøauren til å gå opp i Grytevatnet. Dette er som kjent ein mykje ettertrakta fisk, både av sportsfiskarar og andre, men vi må hugse på dei lovar og restriksjonar ein kjem borti om vassdraget blir rekna som sjøaureferande.

Ålen er ein verdfull fisk og etter alt å døma innhald Grytevatnet eit ganske stort ålebestand. Dette må ein prøve å nyttiggjere seg.

Gytetilhøva i Grytevatnet må karakteriserast som gode i fleire av tilsigsbekkene, men det er utan samanlikning Haugselva som står for storparten av rekrutteringa til vatnet.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å skipe til eit grunneigarlag for Grytevatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare må ein straks setje igang med utfisking av røyr og aure i dei næraste åra framover. Kjøp inn 12-15 garn av høvande maskestorleik (garna kan tingast hos underskrivne) og driv eit hardt garnfiske heile året, men det er særleg om hausten når nettene blir lange og merke at ein kan gjera dei største fangstane.

Ved å montere ruser på gytebekkene vil ein og kunne få bort mykje av gytefiske og samstundes den årgangen med yngel og småfisk som ville kome frå desse.

Denne utfiskinga kan ein då drive 2-3 år framover og så vil ein etter kvart sjå korleis tilhøva endrar seg.

1. DRIV UTFISKING AV AURE OG RØYR i 2-3 år FRAMOVER.

LOKALISER GYTEPLASSANE FOR RØYA OG SETT GARNA DER:

Eit anna viktig tiltak er å få bort måkemarken. Utfiskinga vil her hjelpe godt til, men ein må gjera sitt beste for å halde måken borte frå vatnet. Vi skal her hugse på, at det er den måkestammen som måtte ha fast tilhald ved vatnet som er den mest farlege. Denne måkestammen hekkar då gjerne i nærleiken av vatnet. Måke som kjem ein snarvisitt inn frå sjøen er sjeldan infisert med måkemark og såleis meir ufarleg.

2. ALL MÅKE BORT FRÅ VATNET.

Ein annan ting som er viktig i denne samanhengen er at ein alltid grev fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned, slik at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

3. GRAV ALLTID NED FISKESLO OG ANNA FISKEAVFALL.

Ålen er ein godt betalt matfisk og denne må grunneigarlaget nyttiggjera seg. Vi veit at det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet. Ved å plassere ei ålemer på ein høvande stad i avlaupselva, vil ein kunne fange mykje utgangsål.

4. SETT OPP EI ÅLEMER I AVLAUPSELVA OG GJER DYKK NYTTE AV UT-
GANGSÅLEN.

Når det gjeld spørsmålet om å få sjøaure opp i Grytevatnet er dette ting som grunneigarlaget må drøfta. Det er på det reine at dette let seg gjera utan store kostnader om grunneigarlaget samla går inn for dugnadsarbeid.

Dei tiltaka som her er peika på, må setjast ut i livet snarast og så vil ein innan få år få fram eit førsteklasses fiskebestand i Grytevatnet. Etter 4 - 5 år kan vi så ta ein ny analyse for å sjå korleis tiltaka har verka.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Dermed vil grunneigarane kunne få innkome med det same.

Grunneigarlaget kunne også hatt ein båt eller to for utleige og gjerne fått i stand ein Campingplass i nærleiken slik at event. tilreisande kunne slå seg ned nokre dagar.

Grytevatnet er litt av ei perle og ein skal leita lengje før ein finn eit meir idyllisk fiskevatn med sine mange vikar og nes - holmar og skjær.

Underskrivne vil hjelpa til så langt råd er, med å setje dei tiltaka som her er peika på, ut i livet.

Stavanger 15. mars 1973

Einar Berg